

Årsmelding 2018 – Ørsta IL friidrett

Styret

Leiar: Olve Øyehaug

Økonomi: Trine Skjeret

Styremedlem: Lisbeth Hovden Nilsen

Sportsleg leiar: Svein-Egil Johannessen

Styremedlem: Ole Jørgen Ose

Sportsleg utval

Sportsleg leiar: Svein-Egil Johannessen

Trenarar: 13+ år: Svein-Egil Johannessen, Elin Opsal, Erik Drange Tønnessen, Kari Lundestad Myrøld, Hannah Marie Skjeret, Michele Tharaldsen Hoggen. **10-12 år:** Olve Øyehaug, Åsmund

Keilen, Yngve Vadstein, Svein Egil Johannessen. **Rekruttar** - Olve Øyehaug og foreldrehjelparar

Oppmann: Olve Øyehaug

Utøvarar 13+ har hatt oppfølging av kretstrenarar.

Skulekontakt – Einar Myrøld og Gunnar Festøy

Allidrettsgruppa: Olve Øyehaug

Informasjonsmedarbeidar/pressekontakt

Olve Øyehaug

Økonomiutval

Trine Sørheim Skjeret og Olve Øyehaug

Sponsoransvarleg

Olve Øyehaug

Stemneutval

Stemme i regi av Ørsta IL friidrett: Trine Skjeret, Olve Øyehaug, Svein-Johannessen

Saudehornet rett opp: Olve Øyehaug (kun rådgjervarrolle og formell teknisk arrangør)

Styremøte og trenarmøte

Det er halde to styremøte og eitt trenarmøte i året som har gått.

Representasjon administrativt

ØIL hovudstyre – Olve Øyehaug

Koordinatorar av anleggsgruppe: Ole Jørgen Ose og Olve Øyehaug

Representasjon sportsleg - meisterskap

UM: 8 kvalifiserte utøvarar (dei som deltok i kursiv)

J16: *Anna Hjellen Haugland* (Slegge 3kg + spyd 500gr), *Hanna Hoggen Gjærset* (200 m), *Amalie Tomasgard* (800 m).

J17: *Sigrid Vartdal* (100 m + 200m), *Åse Øyehaug* (400m + 300mhekk)

G15: *Johannes Eiksund* (100 m)

G17: *Elias Hovden Nilsen* (spyd 700 gr + diskos 1,5 kg)

J18/19: *Andrine Hjellen Haugland* (Spyd 600 gr)

NM jr: 5 kvalifiserte utøvarar (dei som deltok i kursiv)

KJ19: *Andrine* (Spyd 600 gr), *Sigrid* (100 m + 200m), *Anna* (Slegge 4 kg)

MJ19: *Elias* (Spyd 800 gr)

KJ22: *Hannah* (100m + 200 m)

Hovudmeisterskapet/NM senior: 2 kvalifiserte utøvarar (dei som deltok i kursiv)

Andrine (spyd 600 gr), *Hannah Marie* (100 m + 200 m)

Oppnådde to nasjonale meisterskapsmedaljar: 1 sølv og 1 bronse.

Lerøyleikane: Tre utøvarar. *Arnstein Ose* (2 bronse), *Thea Nilsen* (1 sølv og 1 bronse), *Filip Hoggen*

Midt-Norsk Meisterskap: 19 gull, 5 sølv og 2 bronse.

Landslagsplass: Nordisk meisterskap og juniorlandskamp U20: 1 utøvar spyd, 5. plass (*Andrine*)

Økonomi

Friidrettsgruppa i Ørsta har ein sunn økonomi. Eigenkapitalen er solid og førebels rekneskap viser eit negativt resultat på kr 24 173,- i 2018. Inntekter frå eigne arrangement og stønad frå lokalt næringsliv gjer at drifta går bra. Gjennom aktivt sponsorarbeid har gruppa god sponsorstøtte. Vi vil spesielt takke hovudsponsoren vår SpareBank1 Søre Sunnmøre. Andre sponsorar er: Vartdal Plast, Tussa, Kiropraktor Nilsen, Toyota Sunnmøre, Furene, Sport 1 Ørsta og Nordea.

Utmerkingar

Trine Sørheim Skjeret fekk innsatspokal frå Ørsta IL for administrativt arbeid. Utmerkinga vart for den store innsatsen ho har gjort for friidretten mellom anna som styremedlem, trenar, stemnearrangør, økonomileiar, miljøarbeidar og koordinator.

Sportslege aktivitetar

Friidrettsgruppa har arrangert følgjande stemne i 2018:

Innandørs treningsstemne – 2 stk

Rekrutteringscupar – 6 stk (tre av dei innbakt i Ørstastafetten, Sparebank1-leikane og Ørstaleikane), m.a. 121 utøvarar deltok på gateløpet i Vikegata.

Ørstastafetten (34 lag og 136 påmelde)

TINEstafetten (51 deltakande lag)

Friidrettens dag (70 deltakarar)

Sparebank 1 leikane (174 deltakarar)

Saudehornet rett opp (kun rådgjeving og formell teknisk arrangør – ingen direkte oppgåver)

Ørstaleikane (175 påmelde)

Friidrettsskule (59 deltakarar og 13 trenarar) – fullteikna 7. året på rad

Utandørs treningsstemne – 5 stk

Lagserien og krinsserien 2018

I lagserien 3. div. kvinner vart Ørsta IL sine kvinner nr. 10 (opp frå nr. 18 i 2017). Poengsummen vart 11 663 (11 108 i 2017). Våre herrar i 3. div. vart nr 38 med 9 135 poeng (nr 89 med 6961 poeng i 2017).

Krinsserien for 2018 for jenter og gutar 10-19 år er ikkje offisiell i skrivande stund.

Rekordar

Klubben fekk 34 resultat blant dei **10 beste på landsbasis** i aldersbestemte klassar (13 år og eldre) og senior/veteran: Amalie Tomasgard, Andrine Hjellen Haugland, Anna Hjellen Haugland, Arnstein Nikolai Ose, Elias Hovden Nilsen, Sigrid Vartdal, William Lillefosse og Åse Øyehaug

Klubben fekk 122 resultat utandørs og 67 innandørs som var blant dei **3 beste på krets nivå** i aldersbestemte klasser og senior/veteran. Dei 20 som fekk desse resultatata var:

Amalie Tomasgard, Andrine Hjellen Haugland, Anna Hjellen Haugland, Arnstein Nikolai Ose, Asbjørn Olai Lykkeslet Vik, Christina Wilke (GER), Elias Hovden Nilsen, Erik Drange Tønnessen, Filip Hoggen, Hanna Hoggen Gjærset, Iver Aarflot Jønsson, Johannes Eiksund, Johannes Vadstein, Jørgen Andre Førde, Maria Mjelva Straume, Sarah Moussa, Sigrid Vartdal, Thea Nilsen, William Lillefosse og Åse Øyehaug

Banerekordar: Andrine Hjellen Haugland sette banerekord med 42,09 meter i spyd. Anna Hjellen Haugland sette banerekord med 40,59 meter i slegge.

Klubbekordar senior: 5 utandørs og 8 innandørs

Klubbekordar junior: 4 utandørs og 6 innandørs

Over 1000-poeng

To utøvarar frå Ørsta oppnådde til saman 14 resultat over 1000 poeng etter Tyrving-tabellen i 2018: Desse var: Andrine Hjellen Haugland og Anna Hjellen Haugland.

Over 900-poeng

Åtte utøvarar frå Ørsta oppnådde til saman 40 resultat over 900 poeng etter Tyrving-tabellen i 2018: Desse var:

Anna Hjellen Haugland, Andrine Hjellen Haugland, Elias Hovden Nilsen, Johannes Eiksund, Sigrid Vartdal, Elise Aarflot, Rasmus Nymark og Oskar Mjelva Straume

Trenarutdanning

Åsmund Keilen deltok på Trener1-kurs.

Dommarkurs

Ni nye kretsdommaraspirantar vart utdanna på kretsdommarkurs i Ørsta 19.-20. oktober: Idar Auflem Øye, Yngve Vadstein, Michele Hoggen, Ole Jørgen Ose, Kristine Bjørneset, Andre Eiksund, Jørgen André Førde, Elias Hovden Nilsen og Åse Øyehaug.

Kommentar frå leiar

Dei sporslege resultatata er dei beste på mange år frå klubben. Det var største deltaking frå klubben på UM og NM på mange år.

Friidrettsgruppa har hatt godt frammøte på treningane også i 2018. Det var som oftast rundt 50-70 utøvarar på stadion på tysdagstreningane, enkelte gongar var ein rundt 100. Rekruttgruppa er størst. Det var stort sett 40-50 rekruttar på kvar av treningane. Det var ein liten nedgang i 10-12 årsgruppa frå 2017, og det var rundt 20 aktive i gruppa i 2018. I alderen 13 år og eldre var det godt frammøte gjennom året, med 10-15 faste på kvar trening. Det er stadig fleire utøvarar frå Volda som er med i klubben.

Friidrettsgruppa har i 2018 hatt største aktivitet på mange år. Vi har arrangert 15 store og små stemne og ein friidrettsskule. Gruppa bidrog som rådgjevar for Saudehornet rett opp. Det har vore god deltaking frå klubben på treningssamlingar i regi av kretsen.

Med Svein-Egil Johannessen som sportsleg leiar har klubben også i 2018 fått eit løft for utvikling og oppfølging av det sportslege i klubben.

Det har vore god dekning i Møre Nytt og Møre av eigne stemne og deltaking på stemne andre stader. Klubben har vore aktiv på eiga nettside og på Facebook, og har nådd ut til mange lesarar. Spesielt har Svein-Egil Johannessen utmerka seg med omfattande og raske oppdateringar av resultat og statistikk på medlemsgruppa på Facebook. Positivt er det at Møre Nytt no på eige initiativ hentar nyhende frå nettsida vår.

Den nye Ørstahallen er klar for innflytting tidleg i 2019. Det vert ei 60 metersbane med 4 løpebaner og om lag 15 meter retardasjonsfelt. Det vert og ei lengdehoppgrop i enden av løpebana. Det vert lagt til rette for feste av kastbur og spydsegl i hallen.

På dugnadar har det vore bra frammøte. Tartandekket vart spylt med brannslange før sesongstart på våren. Det vart hatt på soppdrepar på tartandekket på våren. Løpedekket vart ikkje djupreinsa. Det vart kjøpt inn nye klubbkle i 2018.

Det viktigaste for Ørsta IL friidrett er å gje barna eit godt friidrettstilbod. Dette har vi lukkast med. Svært mange unge barn deltek på treningane, og 2018 har representert Ørsta på stemne. Det var 224 deltakarar på rekrutteringscupane. Dette er det nest høgste deltakartalet vi har registrert dei siste åra, og då var det er ein stor auke frå tidlegare år, noko som stadfestar at friidrettsgruppa lukkast med arbeidet. På gateløpet var det heile 121 utøvarar frå Ørsta IL.

Friidrettsgruppa i Ørsta er godt nøgd med året 2018, og som leiar av gruppa vil eg takke alle for vel utført arbeid.

Olve Øyehaug, 10. mars 2019